



## Statsforvaltaren i Vestland

Kvam herad,  
Grovagjelet 16,  
5600 NORHEIMSUND

Vår dato:  
16.06.2021

Vår ref:  
2021/1429

Dykkar dato:  
20.01.2021

Dykkar ref:  
20/728

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Kvam herad - budsjett 2021 - økonomiplan 2021-2024

Kvam heradsstyre har i møtet 10. desember 2020, sak 136/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Kommunen gjennomfører utbygging av Strandebarm omsorgssenter. Det er nødvendig å redusere andre investeringar vesentleg i åra framover slik at gjeldsnivået kan bli stabilisert og over tid gå ned. Kommunen har for høg gjeld samanlikna med driftsinntektene.

Det er viktig at kommunen i størst mogleg grad unngår netto driftsunderskot i år. Det må vere ei målsetjing å bruke minst mogleg av disposisjonsfondet i år og at fondet over tid kan bli oppretthalde på om lag same reelle nivå som ved utgangen av 2020.

### Budsjett 2021

I rekneskapen for 2020 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 11,2 mill. Det utgjer 1,3 prosent av driftsinntektene.

E-postadresse:  
[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)  
Sikker melding:  
[www.statsforvaltaren.no/melding](http://www.statsforvaltaren.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet for 2021 med - kr 16,0 mill. Netto driftsunderskot i budsjettet utgjer -1,8 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har budsjettet med kr 246.039.000,- i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 548,4 mill.

Inntektsprognosene for 2021 er oppdatert med innkomen skatt i 2020. Dei budsjetterte inntektene er ikkje for høge samanlikna med den siste inntektsprognosene. Kompensasjon for korona-pandemien inngår i denne prognosene.

Det er budsjettet eigedomsskatt for 2021 med kr 42,9 mill. Innkomen eigedomsskatt i 2020 var kr 43,8 mill. Kommunen har eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk og bustader/fritidshus. Det var retaksering hausten 2020. Det er lagt til grunn at totalnivået på eigedomsskatt frå bustader/fritidshus ikkje skal aukast i økonomiplanperioden. Skattesatsen (3,2 promille) på bustader/fritidshus er fastsett i samsvar med denne målsetjinga.

Det er budsjettet med aksjeutbytte kr 12,3 mill. Aksjeutbytte kjem frå Kvam kraftverk AS og BKK (0,9 prosent eigardel). Det er rekna med lågare utbytte frå dei to selskapa i 2021 på bakgrunn av lågare straumprisar i 2020. Pårekna utbytte er auka opp til eit meir normalt og stabilt nivå frå og med 2022.

Det er budsjettet med kr 5,5 mill. i utbetaling frå Havbruksfondet. Utbetalinga i 2020 var om lag kr 12,5 mill.

Det er budsjettet med kr 38,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette oppfyller minimumskravet i kommunelova.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 230,8 mill. Av dette utgjer avgifts-finansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 49,4 mill. Den største investeringa er i utbygginga av Strandebarm omsorgssenter.

Investeringane i vatn og avlaup er planlagt lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Dessutan blir dei finansierte med moms-kompensasjon og investeringstilskot m.m.

Det er budsjettet med startlån til vidare utlån, kr 15,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 var om lag kr 1,3 mrd. Det utgjorde 147 prosent av sum driftsinntekter i 2020, eller kr 153.400,- per innbyggjar.

## Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.



Det er lagt opp til netto driftsoverskot i planperioden 2022-2024. Netto driftsoverskot i 2022 i planen utgjer 1,4 prosent av driftsinntektene. For 2023 og 2024 er det lagt opp til lågare netto driftsoverskot enn i 2022.

Kommunen sitt disposisjonsfond var ved utgangen av 2020 kr 70,8 mill., som utgjer 8,0 prosent av driftsinntektene. For heile økonomiplanperioden er det samla lagt opp til ein netto reduksjon av fondet med om lag kr 5,4 mill.

Det er eit høgt samla investeringsnivå i 2021. I økonomiplanen er det lagt opp til ei nedtrapping av investeringane dei neste åra i planperioden. Planlagt investeringsnivå er difor vesentleg lågare mot slutten av økonomiplanperioden enn no i år.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

1. Lånegjeld i prosent av driftsinntektene skal ikkje overstige 160 prosent i økonomiplanperioden.
2. Netto driftsresultat skal vere budsjettert til minimum 0 prosent av driftsinntektene i perioden 2021-2024, samla for alle åra.

### **Statsforvaltaren sine vurderinger**

Kommunen har eit svært høgt gjeldsnivå etter å ha investert mykje over lang tid. Lånegjelda kjem til å auke ytterlegare i år. Utbygginga av Strandebarm omsorgssenter blir gjennomført i perioden 2021-2023. Det er nødvendig å redusere andre investeringar vesentleg i åra framover. Investeringane bør vere på eit minimum framover slik at gjeldsnivået blir stabilisert og over tid går ned.

Kommunen bør betale noko meir i ordinære avdrag enn minstekravet etter kommunelova, til dømes  $3\frac{1}{2}$  til 4 prosent av gjelda (utanom formidlingslån). Det vil bidra til at den langsiktige lånegjelda blir noko redusert over tid.

Kommunen fekk eit netto driftsoverskot i rekneskapen for 2020. Resultatet vart betre enn budsjettet, og kommunen kunne setje av midlar til disposisjonsfondet. Overskotet må bli sett i samanheng med koronapandemien som bidrog til lågare aktivitet og mindre driftsutgifter. Dessutan fekk kommunen ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet i 2020, som blir betydeleg mindre i år.

Det er i år budsjettet med eit relativt stort netto driftsunderskot, - kr 16,0 mill. Første tertialrapport og prognose syner at netto driftsunderskot i år kan bli mindre enn budsjettet. Det er viktig at kommunen gjennomfører tiltak slik at det reelt blir eit minst mogleg netto driftsunderskot i år, helst driftsbalanse.



Budsjettet legg opp til å bruke av disposisjonsfondet i år. Fondet bør vere på det same nivået som ved utgangen av 2020 i åra framover, det vil seie 8-10 prosent av driftsinntektene. Det er viktig at kommunen reduserer den faktiske bruken av disposisjonsfondet i år mest mogleg, frå det som var lagt til grunn i budsjettet. Fondet bør over tid bli oppretthalde på om lag same reelle nivå som ved utgangen av 2020.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*